Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 — Fylke: Austfold

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Rødenes.

Emne: 5 Vannbæring — Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug — Gard: Svendsby

(adresse): Norsk Folkemuseum — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Johan Svendsby. Född 1869. Bonde.

SVAR

"Vassåk" bruka dei. Bar det over
skuldra. Det låg på båe skuldrane
og hadde ei grop for halsen.
I endane av åket var "hunde-
koppel" med ein krok i nedre
enden for bytta. I övre enden
av kjettingen var smidd ein
ring dei smokka innpå enden
av åket. Brukar trebytter ennå.
Har "Tjörusmört" dei utanpå.
Men det er helst slutt med tre-
bytter nå. "Hava" heiter hanken
av bytta. "öre" er havane festa i

2. Dei bruka "såstong". Det var
eia lang stong som to mann
bar over skuldrane. "Såen" var
eit stort ~~kagga~~ trekar som
tok omlag 6 bytter. Det hadde
2 öyre. Dei stakk såstonga
gjennom öyrene. Har ikkje
høyrt at dei hadde noka
tverrstang som öyrene hang
på. Om vinteran kasta dei
~~[illegible]~~ nevar snö oppi vatnet

1070

14

2)

for at det ikkje skulle skvalpe over. Likte ikkje låket, for det var tungt. Dei hadde ei trebytte med ei lang stang på som dei henta vatten i brunnen og auste i såen. Den hett' "vasskólve" Stanga var fastspikra i "Kólva"



"Kólva"

Han ikkje bruka så til mjólkebaring.

3. Han ikkje bruka skien men sette såen eller bytter på "styrkjelkå" Styrkjelken hadde rygg bak. Ryggen kalla dei "styra". Ein drog og ein skudde.

4=5 Nå er det lite baring. Både kvindfolk og mannfolk bar såen. Tjenestegjentene var dei vissaste til det. Vassåk var det mest kvindfolk som bar, for karane var mest alltid ute i skogen eller på jordet.

6. Kjørte både på slae og vogn dersom brønnen var litt langt undan.

7. Nå er det mest pumper og innlagt vatten overalt.

1070

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1070